



## Notat

Dato: 06.04.2018  
Arkivsak: 2017/835-7  
Saksbehandlar: arnasan

---

**Til:** Fylkesrådmannen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkestannlegen

---

### **Tillegg til sak 2017/835 - forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i tannhelsetenesta i Hordaland**

Når saka var til handsaming i utval for opplæring og helse sitt møte 7. november 2017 vart saka utsett, og administrasjonen bedt om å vurdera om utkastet til forskrift måtte sendast ut på høyring til alle kommunar i Hordaland og aktuelle organisasjonar. Det er nå gjort, og høyringsfristen var 27. januar 2018.

Det er difor aktuelt å gi desse tilleggsopplysningane i saka:

- Det er kome inn eit høyringssvar som er vedlagt saka.
- Rekneskap for 2017 er nå avslutta. Fylkestannlegen vil informera om at totale utgifter til refusjon av pasientreiser i tannhelsetenesta var i 2017 kr 737 400,-. Det er framleis slik at dei fleste utbetalingar er små beløp.
- Standardsats for eigenandel er frå og med 01. januar 2018 heva til kr 149,-.
- Fordi saka vart utsett – og av den grunn ikkje kunne handsamast av fylkestinget i desember 2017 – vil denne forskrifta ev først kunne tre i kraft frå 01. september 2018.